Klubbpresentasjon
Utvikling av Fosshaugane Campus

# Kreativitet, marknadsføring og suksess…

Ein presentasjon gjeve av Sogndal Fotball ….

FOSSHAUGANE CAMPUS

# GRUNNSTEINANE

- Dugnad
- Eit næringsliv som ynskjer dette
- Lokal satsing på eigne talent på og utaføre bana
- Satsing på anlegg, både i Sogndal og elles i fylket

FOSSHAUGANE CAMPUS

Det grunnleggjande er:

- **Fylket, lokalsamfunna**



Ideen/drivkarfta vår:

- **Heimkjensle, samhold**

(Det å vere saman om noko, og samtidig skape noko meiningsfylt)



FOSSHAUGANE CAMPUS

**Idrett er ein næringsveg – utvikling i årsverk:**

| | 1997 | 2004 | 2007 |
|---|---|---|---|
| Sogndal Fotball | 9 | 31 | … |
| SIL Tribuna AS | 1 | 2 | … |
| Sognahallen | 0 | 2 | … |
| Idrettssenteret og dotter | 0 | 15 | … |
| Andre knytt til idrett/helse | 6 | 18 | … |
| | 16 | 68 | … (?) |

FOSSHAUGANE CAMPUS

**Sognefjord Lerum Cup**

- 300 lag, 4.500 aktive
- 30.000 overnattingsdøgn

- Med 700 kroner per døgn gjev dette over 20 millionar i auka omsetning i distriktet

**Sponsor- og tilskodarinntekter:**

| | 1998 | 2000 | 2002 | 2004 | 2006 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tilskodarar | 1,2'' | 1,4'' | 2,5'' | 3,5'' | 7,8'' |
| Sponsor | 3,8'' | 4,1'' | 5,8'' | 8,5'' | 12,0'' |
| Totalt | 5,0'' | 5,5'' | 8,3'' | 12,0'' | 19,8'' |

Utfordring:

Publikumsgrunnlag
Sponsorgrunnlag } Anlegg og kompetanse

FOSSHAUGANE CAMPUS

… vår nye verden heiter …



FOSSHAUGANE CAMPUS

# FOSSHAUGANE CAMPUS

## … historien

2001 etablering av ei styringsgruppe

- Felles profil
- Felles skuleopplegg
- Parallelloppdrag
- Felles bygg

Sogndal Kommune har leia arbeidet, som har skapt god dialog mellom partane. Prosjektet er drive av entusiasme og finansiert gjennom eigne midlar.

## … det starta før

Krav retta mot toppfotballen har gjort at Sogndal Fotball har funne sine eigne løysingar. Samarbeid med andre institusjonar har vore hovudelementet i arbeidet.

Dette samarbeidet har utvikla seg og gjeve grobunn for fleire felles-prosjekt. Uten dette langvarige samarbeidet hadde Fosshugane Campus ikkje vore realistisk.


Gymnas
Fosshaugane
01.10.04
1:1000 4B

# FOSSHAUGANE CAMPUS

## … draumen

Draumen om å skape Noregs beste utviklingsmiljø handlar om

-å gje ungdom og vaksne lyst til å lære av kvarandre

-å gje regionen lyst til utvikling

-å etablere entreprenørskap som kjerneverdi

-fylket si framtid

-næringsvit

## … målet

Målet er å byggje vidare på samspelet mellom intellektuell og sosial utvikling, mellom entreprenørskap og ungdommeleg pågangsmot, mellom det profesjonelle og det frivillige.

# CAMPUS IDRETT

- Sogndal vidaregåande skule, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Idrettssenteret, Sogndal Fotball og idrettskrinssystema har nærare 80 årsverk som arbeidar med kompetanse og utdanning knytt til idrett.

- Gjennom etableringa av Sognahallen og samlokalisering av Sogndal Fotball og høgskulen si idrettsutdanning vart Idrettssenteret skapt. I dag tel det miljøet åleine nærare 18 årsverk.

- Vi bygger no eit fagsenter Idrett, der fagmiljøa til Sogndal vidaregåande skule, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Idrettssenteret og noko av det faglege idrettskrinsmiljøet vert samla. Saman med den frivillige aktiviteten i idrettslaga vert dette det største idrettfaglege miljøet utanfor hovudstaden, og vi bygger vidare…..

- Aktørar i Campus Idrett vil frå starten vere:
  - Sogndal vidaregåande skule
  - Høgskulen i Sogn og Fjordane
  - Idrettssenteret AS
  - Sogndal Fotball
  - Fotballkretsen
  - Idrettskretsen



# CAMPUS HELSE

- Ved etableringa av Idrettssenteret AS i 1998 voks det fram eit helsemiljø knytt til fysisk aktivitet og idrettsmedisin. Samarbeid mellom private, idrettsorganisasjonar og høgskulen vart meir vanleg.

- Seinare har Idrettssenteret etblert tilbod til personar med livsstilsjukdommar, kroniske lidingar, arbeidsmedisin, førebyggjande og helsefremmande arbeid for born og unge.

- Ved å skille ut helsedelen ved Idrettssenteret AS til eit kompetansesenter for fysisk aktivitet og helse kan dette miljøet vokse og bli attraktivt for fleire fagfolk innanfor førebyggjande helsearbeid og rehabilitering. Fleire kan få eit tilbod som aukar livskvaliteten.

- Gjennom nettverksbygging og samarbeid mellom instituasjonane på Fosshaugane Campus, sjukehusmiljøa i fylket, arbeidslivssenter, bedriftshelsetenesta, aetat og fleire kan fylket bli eit sterkt fyrtårnsfylke i folkehelsearbeidet.

- Fagpersonar i Campus Helse:
  - Lege
  - Fysioterapeut
  - Kiropraktor
  - Massør
  - Fotterapeut
  - Psykolog
  - Forskar

  – Utvikling: Klinikk, privat sjukehus



# CAMPUS MEDIA

- Fosshaugane Stadion med fotball på nasjonalt toppnivå vert besøkt mange gonger gjennom året av dei store nasjonale avisene og TV-stasjonane. Dei siste åra er også fleire kampar vist direkte på NRK, TV 2 og Canal+. Fotballen gjev heile fylket ein unik sjanse å marknadsføre seg nasjonalt.

- Sogndal vidaregåande skule har hatt suksess med ei ny medialine dei siste åra. Ved etableringa av Fosshaugane Campus, nærare samarbeid mot lokale meidiainstitusjonar i fylket, og mediamagneten Sogndal Fotball ligg alt til rette for ei topp læringsbane for media.

- Fosshaugane Campus kan etablere seg som eit breitt samlingspunkt for media i fylket, der utdanningstilbod innanfor fagfeltet på fleire nivå kan bli ein realitet.

- Aktuelle aktørar er:
  - NRK
  - Lokalmedia, avis
  - Sogndal vidaregåande skule
  - Høgskulen i Sogn og Fjordane
  - Sogndal Trivsel
  - Freelancere
  - Kommunikasjonsrådgjeving
  - Oversetting, tolk, språktenester



- Pedagogisk plattform
- Sentrale omgrep i læreplanen i fagdidaktikk, medier og kommunikasjon er:

# CAMPUS NETTVERK

## Kunnskapsparken

Ved etableringa av Kunnskapsparken Fosshaugane Campus bli ein av fleire sentrale nettverks- og kunnskapsleverandør i fylket – der næring, det offentlege, kunnskap og kundar møtast.

## Vestlandsforsking/Høgskulen

Vestlandforsking og Høgskulen i Sogn og Fjordane er sentrale leverandørar av forsking og kunnskap til fylket, både til private verksemder og offenteleg. Desse vil få ein sentral plass i Fosshaugane Campus, saman med Kunnskapsparken, i arbeidet med å etablere eit nærare bånd mellom intellektuell og sosial utvikling, mellom entreprenørskap og ungdommeleg pågangsmot.

## Fylkeskommunen

Saman med idretten i fylket vil fylket sine vidaregåande skular vere den største leverandøren av kretativ ungdom. Med Sogndal vidaregåande skule i lokala skal kunnskap, konkurranseinstinkt, entrepenørskap og nyskaping stå på dagsorden.



Ill.: Ole A. Krogness for Artkitektkontoret 4B

## Sogndal Fotball/næringslivet

Sogndal Fotball driv i dag stor aktivitet rundt arrangementa sine. Saman med verksemder frå heile fylket ynskjer klubben å etablere ein endå sterkare og sentral nettverksplass. Dei andre aktørane på Fosshaugane Campus vil ha ein sentral plass i dette arbeidet.

*<u>Døme på aktivitetar.</u>*
*Kundesamlingar/ Motivasjons- og personalsamlingar/ Nettverskmøte / Informasjonsmøtet /Fast møtepunkt for ulike samarbeidsverksemder/ Tilfeldig møteplass mellom ressurspersonar*

# Grunnlaget -  Flaggskipet, Sogndal Fotball

***Breddetiltak***
 ** Aldersfastlagt, 36 lag*
 ** Anlegg for alle*
 ** Breddegrupper på alle nivå*




***Sogndal 2***
 ** Rekruttlag, nivåheving*
 ** Samarbeid med andre klubbar*

***A-laget***
 ** Styrkja kompetanse inn mot laget*
 ** Satser på lokale leiarar*
 ** Styrkja tropp*
 ** Bevart heimkjensal*

FOSSHAUGANE CAMPUS





Areal i 1. byggesteg:

| | |
|---|---|
| Parkering | 2.200 |
| Sogndal Fotball | 2.800 (fellesareal 1.650) |
| Offentleg veg | 700 |
| Fylkeskommunen | 1.520 |
| HSF | 3.900 |
| Idrettssenteret | 1.630 |
| Kunnskapsparken | 240 |
| Campus Helse | 250 (kan utvidast med 350) |
| Uutleigd | 1.760 (nytt vel 1000 m2) |
| **Totalareal** | **15.000** |





SEN
DOMUS



